

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 04.09.2018

Orienteringar:

Status for arbeidet med det nye fylket på våre saksfelt. Ved prosjektkoordinator Nina Ludvigsen, Opplæringsavdelinga.

Fylkestannlegen: Vestland tannhelseteneste – delprosjekt.

Status for etablering av Hardanger produksjonskule. Ved avdelingsleiar Håkon Gjerde.

Dan Femoen: Orienterte som saksordførar i sak PS 80/18, Framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar.

Petter de Presno Borthen, seksjon skule opplæringsavdelinga: Oppsummering av sommarskolen 2018.

Øyvind Strømmen (MDG) sette den 04.09.2018 fram 2 spørsmål til neste møte i utvalet den 16.10.2018:

«1. Hybelbuarar i Hordaland

- a. Kan opplæringutvalet få ein oversikt over talet på hybelbuarar ved dei ulike vidaregåande skulane i Hordaland?
- b. Finst det eller kan det utarbeidast nokon oversikt over korleis det å vera hybelbuar påverker gjennomføring og fråfall?

2. Eingongsbestikk o.l. i skulekantiner

Me har fått opplysningar om at det vert nytta ein heil del eingongsbestikk og liknande i skulekantiner og vidaregåande skular i Hordaland, blant anna pappfat ved servering av skulefrukost. Dette synes problematisk både frå ein miljøståstad, i høve ressursbruk og gjer oss også betenkte i høve økonomi. Når Hordaland fylkeskommune samstundes set av pengar i økonomiplanen til opprydding av plastavfall, er dette eit paradoks.

I denne samanheng har me følgjande spørsmål:

- a. I kva grad vert det nytta eingongsbestikk, -fat, -koppar og liknande i kantiner og elles i dei vidaregåande skulane i Hordaland?
- b. Kva er i så høve bakgrunnen for dette?
- c. I kva grad er det teke grep for å redusera og fjerna bruken av eingongsbestikk?»